



## Statens vegvesen

### Notat

Til: Geir Ove Engebø, Johann Njaasta  
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Ingrid B. Hynne

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Ingrid B. Hynne - 98605723


Kopi:

Oppdrag:	<b>Skredfarevurdering</b>	Mime nummer:	<b>17/3821-12</b>	
Oppdragsgivar:	<b>Vegseksjon Sogn</b>	Dato:	<b>28.11.2017</b>	
Planfase:	<b>Drift</b>	Rapportnr.	<b>30472-GEOL-1</b>	
Kommune:	<b>Vik</b>	Vegnr.:	<b>Rv 13</b>	HP: <b>17</b>   Km:
UTM 33 ref.:	EUREF 89			
Utarbeida av:	<b>Ingrid B. Hynne</b>			

### Vurdering av skredfare på Vikfjellet 24.11 og 26.11 2017

#### Situasjon

Vikfjellet har vore stengd mellom onsdag 22.november og måndag 27.november grunna uver og snøskred. Torsdag 23.november gjekk det fleire mindre snøskred ved Lie på morgonen (figur 1). Grunna uver blei ikkje område synfara denne dagen. Ei synfaring blei utført fredag 24.november, med Geir Ove Engebø (Vegseksjon Sogn) og Ingrid B. Hynne (Geo- og skredseksjonen). Det var dårleg ver også denne dagen, og fjellet blei helde stengt. Søndag 26.november blei det utført ei ny synfaring med Geir Ove Engebø og Ingrid B. Hynne. Veret var betre og brøytemannskapet starta arbeidet med brøyting forbi skredutsette punkt etter ei skredfarevurdering. Fjellet opna måndag 27.november 07.30.



Figur 1: Oversiktskart over Vikfjellet nord for grensa.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

## Beskriving og vurdering

Ved Myrkdalen målestasjon (700 moh) blei det målt ca. 100 mm nedbør mellom onsdag morgon 22.november og fredag morgon 24.november. På onsdag var det minusgrader og nedbøren kom som snø. Torsdag er det registrert opp i 4 plussgrader på Vikafjellet målestasjon (910 moh), og brøytemannskapet rapporterte om regn på morgon/formiddag. Snøskreda i Lie gjekk denne morgonen med mildver. Torsdag kveld og fredag kom nedbøren som snø. Det har vore mykje vind, og retninga har vore sør/sørvest eller sør/søraust mellom 22.-24.november.

### Synfaring 24.november

Ver: Overskya grått, ca. -2 grader, tette snøbyger og dårleg sikt, frisk bris-liten kuling frå sør. Figur 3 viser sikten under synfaring.

Snødekke og skredaktivitet: Det blei teke ein snøprofil NØ for Ygnisdalshamrane i ei NV side ca. 900 moh, sjå figur 2 og 4. Mildveret som var torsdag formiddag har fukta snødekket. Det var fuktig snø i heile profilet i det undersøkte området (ca. 1 meter ned frå overflata). Det er laus snø tilgjengelig for transport. Svært dårleg sikt og moderat-kraftig snøfokk gjorde det vanskeleg å vurdere snøfordelinga i terrenget.

Brøytemannskapet opplyste at det truleg ikkje har gått skred ved Ygnisdalshamrane. Dei har ikkje brøyt forbi dette området, men vore opptil for å sjå på forholda.

### Synfaring 26.november

Ver: Overskya på formiddagen, opplett frå kl. 13.30, -3 til -5 grader, svak vind frå NE. Frå fredag morgon 24.november til morgonen 26.november blei det målt 70 mm nedbør ved Myrkdalen målestasjon.

Snødekke og skredaktivitet: Det ble teke to snøprofil denne dagen, eit over løsneområdet ved Ygnisdalshamrane og eit ved Skjelingavatnet (figur 2). Snøen er ujamt fordelt i terrenget. Det er avblåst til skare i utsette områder, og laus snø tilgjengeleg for transport i leformasjonar (ca. 20-30 cm). Fareteikn i området er fersk vindtransportert snø. Figur 5 og 7 viser snøforholda i området.

Profilet ved Ygnisdalshamrane er på 130 cm i ei NV side ca. 950 moh (figur 6). Total snødybde i undersøkt område var ca. 230 cm. Det er ca. 55 cm tørr fokksnø (1F) over eit skarelag. Vidare ned i profilet er det fleire skarelag og smelteomvandla snø eller hardpakka snø med avrunda korn, delvis fukta. Snødekket er ikkje like fuktig som fredag 24.november. Fekk CTM18@35cmQ2 innad i fokksnøen. Vanskeleg å påverke lag lengre ned i snødekket i dette området.

Profilet ved Skjelingavatnet er på 110 cm i ei SØ side ca. 1000 moh (figur 8). Det er ca. 15 cm fokksnø (4F) over eit skarelag. Det hadde lagt seg opp meir fokksnø i områder nært opp til profilet. Vidare ned i profilet er det også her fleire skarelag og hardpakka fukta snø med avrunda korn. Fekk brudd mellom fokksnø og øvre skarelag, CTE6@15cmQ3, men bruddflata er ujamn utan forplanting. Fekk også brudd under eit skarelag på 38cm, CTM16@38cmQ3.

Det blei ikkje registrert fersk skredaktivitet denne dagen.






Figur 3: Lite sikt 24.november.



Figur 4: Snøprofil fra Ygnisdalshamrane 24.november.




Figur 5: Ygnisdalshamrane i 14 tiden 26.november.



Figur 6: Snøprofil fra Ygnisdalshamrane 26.november.



Figur 7: Skjellingavatnet 26.november.



Figur 8: Snøprofil fra Skjellingavatnet 26.november.



*Figur 9: Storehaugtunnelen nord 26.november.*